

**Fra:** Hanna Skeidsvoll <skeidsvollhanna@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 13. april 2023 13:56  
**Til:** Post Osterøy  
**Emne:** Sjø- og strandsoneplan

God dag,

Eg studerer Industriell design ved NTNU i Trondheim og har denne våren ei prosjektoppgave der eg skal hente inspirasjon frå laksegiljene og utvikle (nye) hytter som (det er tenkt at) skal stå langs Osterfjorden. Den endelege leveransen vert ein brosjyre med innhald som: potensiale for Osterøy si reiselivsutvikling, lokalhistorie, skildring av konsept og eit par illustrerte brukerreiser.

Ideelt sett skal hytta/hyttene plasserast i skjul for bebyggelse, og har sett på fleire aktuelle stadar: Kleiveland, Heimvik og (ytst i) Lonevågen. Faktorer som gjer desse lokasjonene interessante er solforhold, bebyggelse, historie (Heimvik og Kleiveland) og tilgjengelighet. Hyttene skal ideelt stå i strandsona, og eg ynskjer å nytte landareal som er dårlig egna for anna bruk. Dessuten vil hyttene éi ta opp mykje landareal, då dei står på eit reisverk (tilsvarande dei eksterande laksegiljene). Det vil likevel vere behov for anlegg til båt/kajakk, og eventuelt eit uthus med toalett.

Etter å ha lese gjennom planskildringa for sjø- og strandsone på Osterøy, er eg nysgjerrig på om eit slikt prosjekt ville vore mogleg å gjennomføre. Eg sett stor pris på om nokon i planseksjonen vil gje meg tilbakemelding på det!

Argument for at det kan byggjast ut:

- Eg ynskjer å byggje i strandsone som er utilgjengelig for ferdsel. Området skal med andre ord ikkje konkurrere mot eksisterande friluftsarealer.
- Tanken er å ta i bruk eksisterande infrastruktur/stinett, eventuelt tilkomst frå fjorden.
- Eit av måla med prosjektet er å fremme kulturhistorie, bidra til å utvikle eit grønt reiseliv på Osterøy, og aktivisere lokalt næringsliv.
- Eg vil ta i bruk område med lågt byggepress, gjerne i ulendt terren.
- Omsyna som gjer seg gjeldande i strandsona skal ikkje bli sett til side.
- Auka havnivå vil ikkje vere eit problem, då det er tenkt at hyttene står på reisverk fleire meter over dagens havnivå.

Mulige utfordringer:

- Optimalt sett burde det kanskje byggjast ut i område med eksisterande bebyggning. Både Heimvik og Kleiveland har bebyggelse, så eksisterende infrastruktur kan takast i bruk.
- Det bør ikkje byggast ut i område med spesielle naturkvalitetar. Er det nokon raudlista arter som det bør takast omsyn til i nordlige deler av øya, eventuelt i Lonevågen?
- Er det skredfare må det vurderast om det skal gjennomførast tiltak.
- Dette er ikkje ei sjørelatert næring med konkrete behov for sjø.

Mvh.  
Hanna Skeidsvoll